

Seliussen dagleg leiar i Drømmehagen

MELAND: Barnehagen som Torill Seliussen leia i Lindås kommune, har ikkje flytta til Meland, slik ein kunne få inntrykk av i saka om TRAS-testing av barn, i nh onsdag. Det er berre Seliussen som har slutta i Trollskogen barnehage, for å jobba i hennar eigen barnehage, Drømmehagen i Meland, der ho er dagleg leiar. Nh beklagar denne mistydinga.



– Hald hunden i band, seier lensmannen

Politiet får ofte klage på hundar som går lause der der er born og vaksne ute og ferdast. – Folk føler seg utrygge når dei møter lause hundar, så vis omsyn og ha hunden i band dersom du er i eit område der du møter andre menneske eller dyr, seier lensmann Einar Vatne. I tida frå og med 1. april til og med 20 august skal ifølgje hundelova ein hund bli halden i band eller forsvareleg inngjerda/innestengt. Kommunane står fritt til å ha strengare reglar.



NYTT MUSEUMSBYGG: Slik der det nye bygget tenkt plassert i det eksisterande museumslandskapet på sletta. (LINK arkitektur)

Nytt museumsbygg på Sletta

RADØY: Investeringssøknaden er sendt Kulturdepartementet.

RANDI BJØRLO
randi@nordhordland.no

Nordhordland har gjennom fleire år meldt behov for eit eige magasin for gjenstandar i regionen. Eit signal Museumssenteret i Hordaland har jobba aktivt med, som ansvarsmuseum for regionen.

No er det sendt ein investeringssøknad til Kulturdepartementet, for eit nytt museumsbygg ved Vestnorsk utvandrings-senter på Sletta. Det nye bygget skal ha ein todelt funksjon - som

Løyser magasinbehovet for Nordhordland

museumsbygg for utvandrings-senteret og som eit 2000 m2 stort magasin for Nordhordland.

– Vi tar magasinbehovet på alvor, og har jobba planmessig og strategisk med desse planane i fleire år. Det er svært viktig for regionen at vi får til gode og langsiktige løysingar, og det får vi med det planlagde bygget på Sletta, seier direktør for Museumssenteret i Hordaland, Atle Ove Martinussen.

Eit i kvar kommune?

Ein av dei som har jobba aktivt

for å få avklart kven som har ansvar for museumsutviklinga i Nordhordland, er Arne Høyland.

Han har no fått svar frå riksantikvaren, som viser til at det i følge den godkjende museumsplanen for fylket er Museumssenteret i Hordaland (MuHo) som har det regionale ansvaret for nordhordlandskommunane.

– Frå MuHo får vi opplyst at dei arbeider med planar om eit større magasin for gjenstandar frå desse kommunane i samband med eit planlagt nybygg ved museet si avdeling Vestnorsk

Utvandrings-senter på Radøy, skriv Riksantikvaren.

– Denne ideen trudde eg var uaktuell etter all protesten som kom frå politikarar i andre kommunar, m.a. Lindås, då det sist vart lansert i 2011. Det som vil vera mest demokratisk og tena innbyggjarane og eigarane av kulturminne i Nordhordland, er truleg eit magasin i kvar kommune, det trur eg vil motivera folk meir for å gje gaver til regionsmuseet, skriv Høyland i ein epost til nh. Alternativ kan vera eit magasin for indre strok,

eit for midtre strok og eit for ytre strok.

Heller langs E39

Skal ein berre ha eit stor fellesmagasin, meiner Høyland området Eikangervåg/Eidnes i Osterfjorden truleg er rette staden.

– Den ligg meir sentralt til for folk i dei mange kommunane i regionen, midt mellom hav og fjellregionen langs E39, seier han. I tillegg er her utbyggingsplanar, og Lindås kommune har ein gamal husmannsplass og Roparhaugsamlinga i nærleiken.

Gjer ein innsats mot brunsniglane no

Du sparar mykje arbeid om du går tar våronna i hagen alt no.

RANDI BJØRLO
randi@nordhordland.no

Mild vinter og tidleg vår kan bera bod om ekstra mange brunsniglar denne sommaren. Men mykje kan gjerast alt no for å bekjempe den uønskte inntrengaren.

– Rydd hagen, fjern visne bland og gras og syt for at brunsnigelen ikkje har nokon gøymeplass, sei-

er hageekspert Anne Tafjord-Kirkebo til NRK Hordaland.

Sniglane legg egg frå juli og utover hausten, og den milde vintere har ført til at egga har fått leggja i fred.

– Med ein gong temperaturen stig over 4 grader, byrja snigelen å aktivere seg, og i år ligg alt til rette for at det kan bli rekordmange av dei, seier hageeksperten.

Ho har fleire gode råd for å bli kvitt brunsniglane.

– I rota på det nye ugraset ligg sniglar og kosar seg. Fjerner du

ugraste no når det sit laust, sparar du mykje tid samtidig som du vert kvitt sniglane, seier ho.

Tafjord-Kirkebo frårår å ha salt på sniglane, det medfører ein pinefull død og er dyrplageri.

Ho har heller ikkje sans for å setja ut fat med øl til sniglane.

– Det har lite for seg, og er heller misbruk av alkohol, seier hageeksperten. Hennar tips er å samla sniglane i ei botte og så tømme kokande vatn i den.



TIL KAMP: Plukk brunsniglane i ei botte og slå kokande vatn over dei, errådet frå hageeksperten. (Arkivfoto: Randi Bjørlo)